



Årsplan 2024-2025

Sekse barnehage



Vedteke i Samarbeidsutvalet for Sekse barnehage og SFO



Innhold

Innhold	1
Om barnehagen	1
Info	1
Avdelingar	3
Tilsette:	3
Satsingsområde: Språk og kommunikasjon	3
Utviklingsområde: Mat og måltid som pedagogisk arena	5
Sosial kompetanse - sentralt for trivsel og meistring	5
Verdigrunnlaget til barnehagen	6
Visjon: Trygghet, trivsel og meistring - alltid for alle	6
Verdiar	6
Barn og barndom	7
Demokrati	7
Mangfold og gjensidig respekt	8
Likestilling og likeverd	9
Berekraftig utvikling	10
Livsmestring og helse	10
Formål og innhold i barnehagen	12
Omsorg	12
Leik	13
Danning	13
Læring	14
Vennskap og fellesskap	14
Kommunikasjon og språk	15
Arbeidsmåtane til barnehagen	16
Arbeidsmåtar	16
Tilvenning	17
Barns medverknad	18
Vurdering	18
Overgangar	19
Heim/barnehage	19
Internt i barnehagen	19
Frå barnehage til skule	20
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	20
Foreldra sin medverknad	20
Planlegging og vurdering	22
Foreldremøter og foreldresamtalar	23





Foreldreundersøkinga	23
Visma Flyt Barnehage	23
Årshjul Sekse barnehage 2024/2025	23





Om barnehagen

Info

Sekse barnehage og SFO er ein to-avdelings barnehage, og i tillegg har me SFO-tilbod på ettermiddagstid. Bygget, som er den gamle skulen på Sekse ligg plassert midt i smørauga mellom fjord, fjell og frukttrær i Ullensvang kommune. Plasseringa gjer oss mange gode muligheter til variert uteliv, noko me nyttar oss mykje av i kvardagen. Me samarbeider godt med bønder og andre i nærmiljøet, har faste turområder me går til og barna i alle aldersgrupper er ute på tur minst ein gong i veka. Kvardagen er prega av leik, læring og glede, og personalet er opptatt av å vera trygge og tydelege vaksne. Barna er fordelt på to avdelingar etter alder og utvikling, og me har fokus på små grupper for at kvart enkelt barn skal ha dei beste moglegheitene for å kjenna seg trygge, trivast og meistra ut i frå eigne forutsetningar.

Avdelingar

Grøn avdeling finn de i første etasje i bygget, inn døra til venstre. Grøn er avdelinga for barn frå 1-3 år, og her er det *trygghet, omsorg, sansing og utforsking* som står i fokus. For å kjenna seg trygge i barnehagen treng barna i denne aldersgruppa kjente vaksne og faste rutinar. Når barna kjenner seg trygge tørr dei å utforska og å leika. Avdelinga er godt tilrettelagt for leik for små barn. Rommet er oversiktlig og me har det meste me treng lett tilgjengelig rundt oss. På den måten skapar me trygge rammer for barna.

Blå avdeling ligg òg i fyrste etasje i bygget. Avdelinga disponerer to rom nede; eit stort leikerom og eit rom for rolegare aktivitetar, der det òg er kjøken. Blå avdeling disponerer òg eit rom oppe i andre etasje som vert brukt til formingsaktivitetar og spesialpedagogikk.

I alderen 3-5 år er leiken prega av det barna sjølv opplever og ser rundt seg. Barna etterliknar dei vaksne sin verden og prøver ut ulike rollar. Dei har ein livleg fantasi, i barna sin verden er alt mogleg. Rolleleiken utviklar seg, og dei kan halda på lenge med same leik over tid. På Blå avdeling har me fokus på å legga til rette for god rolleleik. Me har delt det store leikerommet i mindre soner slik at barna kan finna roen i leiken, og at barna kan leika ulike ting på same tid. Me har òg fokus på at dei vaksne er aktive og støttar barna i leiken.

SFO har lokaler der det tidligare var Raud avdeling. Rammeplanen for SFO (2021) seier at SFO skal byggja vidare på grunnleggjande verdiar som er felles for barnhagen og opplæringa. Det står vidare at





SFO skal *dekkje behovet barna har for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meiningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile.* (KD 2021)

Tilsette:

Verksemdsleiar: Kristina Garen

Pedagogisk leiar: Irene Alpen

Pedagogisk leiar: Irene Prestegård

Barnehagelærar: Stine Våge

Barnevernspedagog: Alva Dolve Lirhus

Barne- og ungdomsarbeidar: Kristin Torper Kalhagen

Assistent: Krzysztof Nawrocki

Assistent: Denae Dee Utne

Assistent: Laura Vaicekoniene

Assistent SFO: Edel Fjellheim

Assistent SFO: Åshild Espe





Satsingsområde: Språk og kommunikasjon

I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfold av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nyskjerrigkeit, bevisstheit og utvikling.

Her i Sekse barnehage og SFO kjem me til å ha fokus på å lære gjennom leiken og gjennom kvardagsaktivitetar. Me kjem òg til å halde fram med teikn til tale, noko som viser seg å vere ei god støtte for alle barn. Me skal ha faste språkgrupper gjennom veka der me tek utgangspunkt i barns medverknad, og dei ulike barna sine forutsetningar for å legge til rette for god språkutvikling, og ikkje minst språkglede. Me vil òg halde fram med det gode samarbeidet me har med biblioteket.

Utviklingsområde: Mat og måltid som pedagogisk arena

Mat og måltid er eit utviklingsområde for Sekse barnehage og SFO. Me ynskjer å nytte barnehageåret 24/25 til å halde fram med å lære meir sunn og næringsrik mat, og om måltidet som pedagogisk arena. Dette er òg eit område som me ut frå brukarundersøkinga desember 2022 treng å setje fokus på.

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver skriv “*Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse*”. Gjennom ekstern vurdering og samarbeid med Høgskulen på Vestlandet driv me kontinuerleg utvikling på dette området. Hausten 2024 startar me opp med prosjektet “Frå jord til bord” som ei fortsetjing av “frå fjord til bord”.

Sosial kompetanse - sentralt for trivsel og meistring

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver seier at sosial kompetanse er ein forutsetning for å fungera godt saman med andre. Det omhandlar ferdigheiter, kunnskaper og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspel.

Barn er sosiale heilt frå fødselen, og dei kommuniserar med vaksne og kvarandre både gjennom kroppslege og språklege handlingar. Sosial kompetanse handlar om å kommunisera og samhandla godt med andre i ulike situasjonar. Denne kompetansen er sentral for at enkeltbarnet skal lykkast og trivast, og for at det skal verte verdsatt som ven og likeverdig deltakar i samspelet med dei andre barna. Eit barn som samhandlar godt med andre, kan både tilpasse seg fellesskapet og være ein synlig deltakar som hevdar sin plass. Forskning viser at barns evne til å etablera vennskap i stor grad heng saman med den sosiale kompetansen deira. I relasjonene til vaksne og barn i barnehagen videreutviklar barnet den sosial kompetansen som det treng i relasjonar til andre menneske generelt.





- **Sjølvfølelse:** å oppleva eigenverd, akseptera seg sjølv, kjenna seg akseptert, oppleva indre styrke og ha ein positiv haldning til seg sjølv
- **Empati:** å ha forståelse for andre sine perspektiv, tankar og kjensler, kunne leve seg inn i andre sin situasjon, visa medkjensle, ta hensyn og kunne tolke og forstå kjensleuttrykk
- **Prososial åtferd:** å ha positive, sosiale holdningar og å kunne utføra handlingar som å oppmuntra, bry seg om, visa omsorg, hjelpa til og dela med andre
- **Sjølvhevdning:** å kunne hevda seg sjølv og eigne meninger på ein god måte, våg å stå imot gruppepress, ta initiativ og bli med på leik og samtalAr som allerele er i gang, delta uoppfordra og invitera andre
- **Sjølvkontroll:** å kunne tilpassa seg ulike situasjoner, takla konflikter og utsette eigne behov og ynskjer i situasjoner som krev turtaking, kompromiss og felles avgjersler





Verdigrunnlaget til barnehagen

Visjon: Trygghet, trivsel og meistring - alltid for alle

Me i Sekse barnehage ynskjer å setja fokus på barndommen som ein eigen verdi. Det betyr at kvar enkelt skal trivast i barnehagen, oppleva at dei har noko å bidra med, og at dei er viktige og verdifulle for fellesskapet i barnehagen. Personalet må legga til rette for aktivitetar innanfor den nærmaste utviklingssona til barnet slik at barnet får kjenna på meistringsglede.

Hovudmål:

- Barna i Sekse barnehage skal trivast og ha eit godt og utviklande læringsmiljø
- Føresette i barnehagen skal oppleva at dei har eit godt barnehagetilbod for seg og barna
- Personalet i barnehagen skal trivast og arbeida for barna sitt beste med fokus på kvart einskild barn og barnegruppa

Verdiar

Verdiane byggjer på verdiar i rammeplanen, årsplan og personalgruppa sine eigne verdiar, og skal speglast att i den daglege drifta i barnehagen. Me har gjennom barnehageåret 22/23 revidert verdidarbeidet som vart lagt ned i 2017 då det kom ny rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Gjennom å sjå på kvardagssituasjonar har me utarbeida teikn på god praksis sett i lys av verdiane som er nevnt i rammeplanen.

Verdiar i Rammeplanen: Respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, omsorg, tryggleik, tilhørsle og anerkjenning, medverknad, demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Barn og barndom

Barnehagen skal anerkjenna og ivareta barndommens eigenverdi. Det vil seie at me ser på barndommen som ein verdifull periode, til liks med andre delar av livet. Å bidra til at alle barn som går i barnehagen får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Me ynskjer å bidra til ein god barndom her og no, og samstundes gje barna dei beste føresetnadane for resten av livet.

Barnesynet til Sekse barnehage og SFO tar utgangspunkt i at kvart enkelt barn er kompetent og eit likeverdig medmenneske. Barna lærer og utvikler seg i samspel med omgjevnaden. Dei vaksne skal gi rom for barnas ulike forutsetningar, perspektiv, erfaringar og opplevelsesverden, og bidra til at alle barn utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og tru på eigne evner. Barna skal møtast med empati, og få moglegheit til å videreutvikla eigen empati i møte med andre.





Slik gjer me det:

- Personalet er støttande tilstades og ser kvar enkeltbarn sine behov
- Personalet legg til rette for meistring i den proksimale utviklingssona til enkeltbarnet
- Personalet legg til rette for utvikling på individnivå og gruppenivå
- Barne sine synspunkt på eigen kvardag vert tatt på alvor
- Personalet arbeider med å skapa eit trygt og inkluderande barnehagemiljø, og synleggjer at alle har ei viktig rolle
- Personalet er autoritative vaksne som er varme og forståelsesfulle, men har samtidig tydelege krav og forventningar til barna
- Foreldre og personal har eit tett samarbeid med fokus på god informasjonsflyt, veiledning og medverknad
- Fokus på positiv forsterking
- Det fysiske miljøet skal inspirera til leik og aktivitet

Demokrati

Ifølge rammeplanen skal barnehagen fremja demokrati og vera eit inkluderande fellesskap. Blant anna skal alle barn skal få oppleva at dei får bidra og medverka til innhaldet i barnehagen uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheter. Ein føresetnad for at dette kan skje er at barna gis moglegheit for å ytra seg, verta hørt og delta. Barnehagen må skape møteplassar der barna kan ha innflytelse på sin kvardag, men i stor grad handlar det om at personalet er lydhøre og observante for barns mange måtar å kommunisera på, og tar det på alvor.

Slik gjer me dette i praksis:

- Me observerer og fanger heile tida opp barnas interesser og tilrettelegg innhald i aktivitetar og planar for å utvida og utforska vidare saman med barna.
- Barna vert oppmuntra til å koma med innspel om korleis dei vil ha det i barnehagen, og får oppleva at personalet høyrer på dei, og tek dei på alvor.
- Barna får bestemma sjølv konkrete ting i kvardagen
- Personalet snakker om demokrati på ein måte som kan gjera det forståeleg for barna
- Personalet prøver å forstå barna sitt handlingsmønster og setja seg inn i deira situasjon
- Personalet har ein grunnleggande forståelse for barndommens eigenverdi
- Personalet tåler, tolker og forstår signala barna sender
- Personalet jobber for eit inkluderande barnehagemiljø
- Personalet tar utgangspunkt i barna sine forutsetningar og legg til rette for at barna skal lukkast, men òg utvikla seg
- Personalet ser barna sine ulikheter som ein styrke
- Personalet ser ressursane til alle og bygger vidare på dei
- Personalet gjer rom for at alle barn får bidra og medverka uavhengig av uttrykksform
- Personalet set rammer, men lar barna styre retninga i ulike prosjekt
- Personalet legg til rette for balanse mellom det som er voksenstyrt og barnestyrt aktivitetar
- Personalet har fokus på inkludering og ulikhet
- Personalet jobbar for at barna skal akseptera og forstå ulikheter
- Personalet legg til rette for, og gjer barna strategiar for å setta grenser for seg sjølv og andre





- Personalet anerkjenner alle barn der dei er

Mangfald og gjensidig respekt

Mangfald i barnehagen handlar om å synleggjera at det er ulike måtar å tenka, handla å leva på. Ved å jobba for å synleggjera desse ufarleggjer ein ulikskapar og opnar for å utforska desse med eit nysgjerrig blikk. Me skal ha ei tilhærming til ulikskapar der me synleggjer verdien av at me er ulike. Mangfald kan vera så mangt frå korleis den enkelte sin familie er utforma, kva verdiar som vert verdsett i heimen til den enkelte til religion og livssyn, nasjonalitet, hudfarge m.m.

Slik gjer me det i praksis:

- Samtala og undra seg saman med barna om og likheiter og ulikheiter i dagleg dialog
- Anerkjenna likheiter og ulikheiter innad i barnehagen
- Familieplakatar frå kvart barn henger synleg på avdelingane
- Synleggjera eit mangfold i familieformer
- Sjå og snakka om kvar barna bur
- Me markerer viktige høgtider i dei ulike religionane som er representert i gruppa
- Årlege temaveker der me lærer om ulike kulturar
- Sjå ulikheiter som ein styrke
- Jobba for at me skal akseptera og respektera at me er ulike
- La alle barna få vera i fokus: Vekas hjelpar, Barnesamtalar, forteljarstol, bamse som barna kan med heim
- Markera FN-dagen, 17. mai og verdsdagen for kulturet mangfald, verdsdagen for downs syndrom (21.mars) - rockesokk
- Legga til rette for at barna får ta del i lokale tradisjonar og kjennskap til lokalkulturen, til dømes krotakakebaking, honningslynging, gardsbesøk, eplepress, osb

Likestilling og likeverd

I barnehagen skal alle barn ha mulighet til å bli sett, hørt og blioppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar. Me skal fremme likeverd og likestilling, motverka alle former for diskriminering og fremme nestekjærlighet.

Likestilling betyr ikkje at alle skal vera like, men at alle skal ha like muligheter. Me har alle med oss ulike verdiar og haldningar i bagasjen, med alt me har opplevd og tatt med oss frå eige liv. Nokon er me bevisste - andre er gjerne meir ubevisste - og alle desse verdiane og haldningane påverkar handlingane våre. Likeverd handlar om at alle mennesker er like mykje verdt og er verdifulle i fellesskapet uavhengig av alder, etnisitet, kjønn, klasse og funksjonsevne. For å behandla alle likeverdig må me av og til forskjellbehandla nettopp fordi alle har ulike utgangspunkt.

I barnehagen skal me ha ein felles praksis, og personalet må derfor jobbe for å reflektere over eigen praksis i møte med barna. Korleis kan me sikra at alle barna får dei same mulighetane til å læra og utvikla seg på dei områda dei er interesserte i? Dette er viktige spørsmål som me må jobba med, og jobba for å motarbeida dei "tradisjonelle" forventningane til ulike kjønnsroller.

Slik gjer me det:





- Personalet har ei bevisst haldning til val av fargar, leiker, utkledningskle, ordbruk og litteratur
- Personalet er bevisst si rolle og er gode rollemodellar - voksenrolla drøftar me òg gjennom året på avdelings- og personalmøter
- Me tilbyr alle barn aktivitetar som passer interessa deira uavhengig av kjønn og funksjonsnivå
- Personalet er bevisste på, og har ei felles forståing av at det ikkje finns jente/gutekle, fargar, leiker, bøker, yrker osv.
- Personalet gjer barn eit tilpassa tilbod slik at alle barn kan nyte seg av det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen
- Alle barn har tilbod om same mat
- Alle barn har tilbud om same leiker
- Barnehagen synleggjer mangfald gjennom leiker, td ha dukker i ulike etnisitetar og kjønn
- Personalet har fokus barna sine gode kvalitetar
- Alle barn får mulighet til å delta ut i frå sine forutsetningar - like moglegheiter, men ulike utgangspunkt
- Personalet tilrettelegg for at alle barn og foreldre får lik informasjon uavhengig av språk
- Synliggjera ulike tradisjonar og høgtider som er representert i barnegruppa, men òg markeringar som er samfunnsaktuelle, til dømes pride
- Me jobber med sosial kompetanse i alle kvardagssituasjonar, og tilrettelagt aktivitetar
- Bruker ulike opplegg og digitale hjelpemiddel som kan vera med på å fremmma språk, til dømes palpen og språkleiken Bravo
- Barnehage oppfordrar foreldre til å lage felles reglar for bursdagar med fokus på inkludering

Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling handlar om at me menneske imøtekjem dagens behov utan å øydeleggja for at komande generasjonar skal få dekka sitt behov. Me vaksne har ei viktig oppgåve i å lære barn om dette, blant anna korleis me kan ta vare på oss sjølv, ta vare på naturen og omgivnadane rundt oss. I dette arbeidet vil me bruka uteområdet i barnehagen, fjøra, skogen og nærområdet vårt. Me vil at barna skal få leika og læra i naturen og få erfara alt naturen har å by på. På denne måten vil me bidra til at barna vert glad i, kjenner seg heima og ønsker å ta vare på naturen, slik at menneska som skal bu her etter oss skal få oppleva det same. Med kunnskapsrike vaksne som gjer barna gode verdiar, holdningar og kunnskap vil barna kunna få ein begynnande forståelse for bærekraftig utvikling. Nysgjerrige og undrande barn vil ta med seg desse erfaringane til seinare i livet og kunna handla og nytiggjera seg av naturen og ressursane på ein god og bærekraftig måte.

Slik gjer me det i praksis:

- Personalet har fokus på å skapa gode vanar for barna som dei tek med seg vidare i livet
- Barna får erfaring med gjenbruk og bruk av naturmateriale i ulike aktivitetar
- Behandla leiker og utstyr på ein måte som gjer at dei varer
- Vera bevisste på kor mykje mat me kaster og reflektera over kva me kan gjera for å minska matsvinnet
- Barna får erfaring med å plukka søppel i naturen
- Barna får erfaringar med kjeldesortering, og samtalar om kvifor me gjer det - miljøstasjon synlig for barna
- Arrangere eigen bossplukkardag før 17. mai
- Barna får leika og læra i, og om naturen





- Barna får kjennskap til naturen som ressurs, t.d. laga mat av lokale råvarer
- Barna får kjennskap til mangfaldet i naturen
- Vera undrande, interesserte og nyskjerrige vaksne
- Leggja til rette for gode naturopplevingar slik at barna trivast og vil ta vare på naturen og miljøet, til dømes gå på tur der turen er eit mål i seg sjølv
- Gjere barna bevisste på samanhengar, td kva som kan skje dersom det ligg boksar/søppel i graset til kua - kua kan ete - kua kan dø - kua kan ikkje gje oss melk
- Ta vare på leiker og reparera det me kan, og ha fokus på gjenbruk. På den måten motvirka bruk-og-kast-samfunn
- Laga til kjøkkenhage og laga våre eigne grønnsaker, bruка lokale ressursar (tang/dyrebæsj) til gjødsel
- Arranger byttedag kan vera med å bidra til å normalisera gjenbruk av td kle, leiker

Livsmestring og helse

Barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamna sosiale ulikheitar. Livsmestring handlar om å utvikla ferdigheiter og tilegne seg praktisk kunnskap som hjelper den enkelte til å handtera medgang, motgang, personlige utfordringar, alvorlege hendelsar, endringar og konflikter på en best mogleg måte, samt å skapa ein tryggheit og tru på eigne evner til å mestra i fremtida. Gjennom å ho fokus på livsmestring og helse skal me førebyggja krenking og mobbing, og førebyggja og oppdaga barn som er utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Likså viktig som den fysiske helsa er òg den psykiske helsa - barnehagen skal bidra til barna sin trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd.

Slik gjer me det:

- Tilrettelegga for at alle opplever meistring
- Personalet tilpasser aktivitetar etter det enkelte barnets utvikling, og stiller krav slik at alle barn vert utfordra - men òg får mestringsfølelse
- Personalet stiller tydelege og klare forventningar slik at barna forstår
- Bidra til at alle barn utvikler eit positivt og realistisk sjølvbilde
- Personalet støtter og gjer barna strategiar som gjer dei robuste til å meistra motgang og handtera utfordringar
- Støtta barna i å verta kjende med eigne, og andre sine følelsar
- Personalet legg til rette for gjennomtenkte leikegrupper der barna får utfordra seg i samspel, oppleva glede, og byggja relasjonar i tett samspel med barn og deltagande vaksne
- Barnehagemiljøet skal bæra preg av meistring
- Det er rom for alle følelsar i barnehagen, og personalet har fokus på å møta og anerkjenna alle barn og alle følelsaar
- Gode rutiner for å førebygga mobbing og krenkelsar:
 - Observera barna med jamne mellomrom med fokus på om barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø
 - Personalet har kompetanse og kunnskap om korleis arbeida for eit trygt og godt barnehagemiljø, og låg terskel for å setta inn tiltak om ein er usikre på om eit barn har eit trygt og godt barnehagemiljø
 - Ta tilbakemeldingar og bekymringar frå foreldre på alvor, og på ein god måte





- Personalet legg til rette for kvilestund. og ein god oppbygning av dagen med veksling av rolige aktivitetar og fysiske aktivitetar
- Personalet har kunnskap om korleis dei kan forebygga og oppdaga om barn vert utsatt for omsorgssvikt, vold eller overgrep
- Barnehagen arbeider systematisk med tidleg innsats og fokus på BTI - betre tverrfagleg innsats
- Personalet er sjølvbevisst og reflekerande i møte med barn
- Personalet er bevisste si rolle, og har ansvar for gode relasjonar med alle barn
- Personalet legg til rette for å læra barna sunne, gode og varierte matvanar gjennom at barna får delta i prosessen “frå fjord til bord”
- Personalet legg til rette for eit nært foreldresamarbeid, der barnehagen har kjennskap til dei ulike livssituasjonane til barna slik at ein kan støtte det einskilde barnet
- Personalet støtter, veileder og legg til rette for å byggja sosial kompetanse i kvardagssituasjonar gjennom heile året
- Barnehagen har fokus på å utjamna sosiale forskjellar gjennom gje alle barn like moglegheiter uavhengig av kjønn, økonomi, religion, m.m..





Formål og innhold i barnehagen

Omsorg

Det viktigaste for barns trivsel, utvikling og læring er å føla seg trygge. For å skapa trygghet for barna treng me vaksne som viser omsorg, rettleier, set grenser og er gode forebilde gjennom haldningar og væremåte. Personalet i Sekse barnehage og SFO arbeider for å vera vaksne som ser barnet som eit unikt og kompetent menneske som medverkar til å skapa sitt eige tilvære. Her skal alle barn oppleva at dei vert sett, høyrt, forstått og respekterte, og dei skal få den hjelpa og støtten dei har behov for.

Slik gjer me det:

- Personalet har fokus på å bygga grunnleggande gode relasjonar med barna
- Personalet ser kvart enkelt barn, og deira ulike behov
- Barna vert møtt på sine premiss og med sine føresetnader
- Personalet er varme og trygge vaksne
- Ved oppstart får barnet tildelt ein primærkontakt som har ansvar for å bygga god relasjon til barnet, kommunikasjon med heimen og sikra barnet ein god start
- Personalet oppmuntrar og støttar barna til å uttrykka kjenslene sine
- Personalet er sensitive for kva barna uttrykker og følger opp behovet deira for omsorg

Leik

For barn er leiken ein naturleg tilstand og eit mål i seg sjølv. Gjennom leiken utforskar og prøver barnet ut eigne evne til omsorg, handling, mot og innleiving. Difor er det viktig å ikkje berre sjå leiken som eit pedagogisk verkemiddel for å fremmja læring og utvikling. Ut frå nyare forsking veit me at i barn si utvikling er leiken det som best utviklar barnas ibuande moglegheiter, og at leik og utvikling påverkar kvarandre gjensidig.

Barn som ikkje har erfaring, eller kunnskaper om leik kan ha vanskeleg for å sjå, og forstå leikesignal. Dette kan føre til at dei ikkje deltek i leiken og i fellesskapet. Vaksne må vera støttande stillas for barna, og læra dei ulike måtar å leika på slik at dei kjem inn i leiken på sine premiss. Grunnleggjande for dette arbeidet er at barna føler seg trygge og verdsett slik at dei torer å prøva, utforska, oppdaga og lytta til kva andre formidlar. Det er samstundes viktig at ein jobber med å ha eit inkluderande og aksepterande klima i barnegruppa.

Slik gjer me det i praksis:

- Personalet er støttande stillas for borna i leiken, lærer dei ulike måtar å leika og å koma inn i leiken på.





- Personalet verner om leiken og er bevisst leiken sin verdi
- Personalet er tilgjengelig i leiken, enten som deltakar, observatør eller tilretteleggjar
- Romma er tilrettelagt for ulike typar leik og barna har tilgang til eit utval av leiker og materiell
- Personalet observerer kva barna er interessert i og tilrettelegg rom og miljø ut i frå dette, og vidare inspirerer barna til å utvida leiken
- Personalet har gode rutinar for observasjon slik at det vert fanga opp om barn har behov for ekstra støtte
- Personalet har god dialog med føresette om kva og med kven barnet deira leikar med

Danning

Danning er ein prosess som foregår heile livet og handlar mellom anna om å utvikla evna til å reflektera over eigne handlingar og veremåtar. Det handlar om å setja barna i stand til å tenka sjølve, søka kunnskap, reflektera over og vurdera vedtatte sanningar, stilla spørsmål og yta motstand på eigne og andre sine vegne. Danning er å utvikla kunnskap, verdiar og haldningars saman, gjennom dialog der alle vert anerkjent som sjølvstendige menneske med kjensler og tankar i ein felles prosess.

Den vaksne si rolla er å vera ein god samtalepartnar, samhandlingspartnar og rettleiar – og ikkje minst vita når ein bør vera tilstades. Noko av det viktigaste i danningsprosessen er å gje barna god sjølvkjensle slik at dei gjennom den kan forstå seg sjølv og andre.

Slik gjer me det:

- Personalet viser respekt for barna sin kommunikasjon og viser interesse for det barnet uttrykker
- Personalet filosoferer ilag med barna og stiller gode spørsmål som utfordrer til å reflektere sjølv
- Personalet har fokus på å gje barna ei god sjølvkjensle; barna får bekrefte sine tankar og kjensler, opplever å verta tatt på alvor og få tillit, opplever å få bidra i fellesskapet og opplever meistring

Læring

Barn kan læra gjennom alt dei opplever og erfarer på alle område. Læring i barnehagen vil vera prega av kvaliteten i samspelet mellom barn og personale. Det å gi barna mestringskjensle aukar barna si lyst til vidare utforsking, læring og utvikling, og styrkjer sjølvkjensla. I Sekse barnehage legg personalet vekt på at barna lærer ting dei har nytte av her og no, men legg også til rette for læring barnet vil ha nytte av seinare – barnehagen skal vera ei oppdagingsferd for barnet her og no, men også ein treningsarena for vidare skulegang og livsprosjekt.





Slik gjer me det:

- Personalet tek utgangspunkt i det barna allereier interessert i og byggjer vidare på dette
- Personalet legg vekt på ein anerkjennande væremåte i høve barn si læring
- Personalet er merksame på interessene til barna og legg til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- Barna får rike og varierte opplevingar, og personalet nyttar spontane moglegheiter til læring
- Personalet skapar eit stimulerande miljø på avdelinga som innbyr til utforsking og undring, t.d. materiell i høve tema barna interesserer seg for, bøker, spel, leikekrokar med ulike tema
- Personalet nyttar digitale verktøy for å finna informasjon saman med barna
- Barna får ulike erfaringar i nærmiljøet der me vert invitert til å delta i ulike aktivitetar

Vennskap og fellesskap

Barnehagen er ein viktig del av barnas sosialiseringssprosess. Dette handlar om å utvikla seg som individ, fungera i gruppe, og i samspel med andre. Eit aktivt og tydeleg personale er nødvendig for å skapa eit varmt og inkluderande sosialt miljø. Anerkjennelse, tillit og trygghet er grunnleggande element for utvikling av sosial kompetanse.

Sosial kompetanse er eit sett av ferdigheter, kunnskaper og haldningar me treng for å meistra ulike sosiale miljø. (KD 2017). Det handlar blant anna om å kommunisera, og å kunna samhandla godt med andre i ulike situasjonar. Eit barn som samhandlar godt med andre kan både tilpassa seg fellesskapet og vera ein synlig deltakar som hevder sin plass.

I Sekse barnehage skal alle barn oppleva positivt samspel med andre og erfara at dei er verdifulle i fellesskapet. For å få til dette arbeider personalet for å vera varme og autoritative vaksne som er gode på å bygga relasjonar til barna, rettleiande, tydelege i grensesetting og å sjølve gå foran som gode rollemodellar.

Kvar einskild barn skal	Barnegruppa skal fungera positivt for alle barn	Personalet må:
<ul style="list-style-type: none"> ● Oppleva eigevert, akseptera seg sjølv, kjenna seg akseptert, oppleva indre styrke og ha ei positiv haldning til seg sjølv ● Tilpassa seg ulike situasjonar samstundes som deira initiativ, medverknad og medbestemming vert sikra ● Gjennom empati og rolletaking skal barna visa innleiring i dei andre sine kjensler, tankar og perspektiv ● Barna skal kunna hevda seg sjølv og eigne meininger på ein god måte ● Leik, glede og humor handlear om leikeferdigheter som å kunna skilja leik frå annan aktivitet, tolka leikesignal, og å kunna la seg riva med og føla glede, spøke og ha det moro 	<ul style="list-style-type: none"> ● Hjelpa, oppmuntra, dela med kvarandre, vera merksam og visa omsorg ● Venta på tur, kunna utsætta eigne behov, medverka til kompromiss, innordna seg felles avgjersler og takla konflikt ● Stå imot gruppepress ● Bli med på, leik og samtalar som alt er i gang – delta uppfordra og invitera andre 	<ul style="list-style-type: none"> ● Jobba målretta og langsigkt ● Vera gode rollemodellar, samarbeida, vera lydhoyre for andre, balansera mellom å sleppa andre til og sjølv bidra i fellesskapet ● Gjennomfør samspelsanalysar ● Bygga gode relasjonar til barna, vera tydelege på grenser ved å gi beskjed om korleis me vil at återfa skal vera – autorative: varme og grensesettande vaksne ● Støtta barna i deira utvikling, stilasbygging ● Legga opp til individuell tilpassing, oppgåver og ansvar innanfor barna si nærmeste utviklingsområde ● Gjera alt ein kan for at kvart einskild barn skal lukkast som sjølvstendige sosiale individ





Kommunikasjon og språk

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Erfaringar og opplevingar, samtalar og uttrykk er viktig for å utvikla eit godt språk, både verbalt og kroppsleg. Små barn utan verbalt språk kommuniserer ved hjelp av andre uttrykk som mimikk og rørsle. Barnet gir meldingar og innspel som omsorgspersonane må tolka og ta omsyn til. Korleis barnet sitt potensial for utvikling blir ført vidare er avhengig av om og korleis miljøet rundt barnet klarar å gi barnet den støtte det treng. Dette er avhengig av miljøet si evne til å ta i mot bodskapen til barnet og gi konstruktiv respons på den. Språkutviklinga skjer gjennom sosialt samspel og er ein del av barnet si kognitive utvikling. Me ynskjer å legga til rette for at barna skal kunna utvikla eit rikt og variert språk. Me legg til rette for aktiv språkbruk for alle barn, og fokuserer på at dei vaksne er gode språkmodellar.

Slik gjer me det:

- Samlingsstunder med eventyr, songar, regler og dikt. Me brukar ofte konkrete gjenstandar i formidlinga, gjenstandar og figurar som er relevante i forhold til det teksten handlar om
- Språkgrupper. Me oppmuntrar fleirspråklige barn spesielt til språklig aktivitet. Me støtter barn med kommunikasjonsvanskar og forsinka språkutvikling.
- Faste lesestunder.
- Lesing ved bruk av digitale verktøy.
- Daglig kommunikasjon i naturlege situasjonar
- Leik i eit språkstimulerande læringsmiljø
- Besøk på biblioteket
- Besøk av biblioteket ein fast dag i veka





Arbeidsmåtane til barnehagen

Arbeidsmåtar

Det pedagogiske innhaldet i Sekse barnehage er under kontinuerlig utvikling. Planlegginga vert basert på kunnskap om born si utvikling og læring, både individuelt og i gruppe, på observasjon og dokumentasjon, systematisk vurdering og på samtalar med barn og foreldre.

"Barnehagens innhald skal vera allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leika og utfolda skaperglede, undring og utforskarrang. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal sjåast i sammenheng og samla bidra til barns allsidige utvikling" (KD 2017)

I Sekse barnehage tek me utgangspunkt i barna sine erfaringar og interesser, og varierer mellom spontane og planlagte aktivitetar. Kvar dag vert barna delt i mindre grupper slik at me sikrar at alle vert sett, hørt og får tilpassa aktivitet ut frå alder og utvikling. Me arbeider ofte ut frå tema eller mindre/større prosjektarbeid ut frå barna sin medverknad.

Tilvenning

Ei god tilvenning i barnehagen er viktig for at barnet skal få ein best mogleg start i sin nye kvardag. Ein mjuk start gir eit godt grunnlag for ein god barnehagekvardag. Det er store individuelle forskjellar på kor raskt eit barn venner seg til sine nye omgivnader, og der enkelte barn finn seg raskt til rette vil andre bruka noko lengre tid. Dette finn me ut av i samarbeid med heimen når barnet begynner.

For å gjere tilvenninga meir glidande oppmodar me om å koma innom på besøk i forkant av tilvenninga, slik at barnet kan møta dei vaksne, barna og gjera seg litt kjent både ute og inne i barnehagen. Før oppstart tar barnehagen kontakt for å avtala heimebesøk. Når bornet kjem på tilvenning vil de få tildelt ein primærkontakt som har særskilt ansvar for å fylgia opp born og foreldre. Primærkontakten skal vera bornet sin trygge base og skapa eit trygt fundament for bornet den første tida. Barna kan gjerne ta med ein kjent bamse, klut, leika eller noko som betyr noko for bornet. Detta kan minna om mor/far og representera tryggleik, og kan hjelpa til å gjera overgangen til barnehagen litt lettare.

Ein god start for både barn og foreldre er viktig, og ein gjensidig og varm kommunikasjon mellom personal og føresette vil ha ein positiv effekt for trivnaden til barnet. Når personalet ser barn og foreldre saman vil dei få informasjon om korleis barnet kommuniserar og barnet sine vanar. Denne informasjonen bidrar til at personalet seinare kan kjenna att signala og lettare tolka barnet sitt behov.

Slik gjer me det:

- Pedagogisk leiar sender ut velkomstbrev i god tid før barnet startar i barnehagen
- Foreldre og barn kan koma innom på besøk i forkant av tilvenninga
- Pedagogisk leiar avtalar heimebesøk før tilvenning
- Barnet får tildelt ein primærkontakt som har ansvar for å bygga ein god relasjon til barnet og





ha kommunikasjon med foreldra den første tida

- Foreldra bør setta av minimum 1 veke til tilvenning
- Personalet er tett på og sender melding/ringer til føresette for å fortelja korleis barnet har det

Progresjon

Progresjon i barnehagens innhald er noko som vert vektlagt i rammeplanen. Det står blant anna at:

«Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehagens innhold, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte leke-, aktivitets- og læringsmuligheter. Personalet skal utvide og bygge videre på barnas interesser og gi barna varierte erfaringer og opplevelser.» (KD 2017: 44)

Progresjon kan tenkast både lineært (t.d. eplefrø – eple – epletre – fleire eple) og meir komplekst (eplejuice – smak – lukt – taktilt – eple - bruksområde – epletre – klatring osv.) Personalet arbeider for å skapa eit tillegg til det barna opplever, erfarer og erkjenner, og utvider det barna allerede er interesserte i. Det handlar ikkje om fasitsvar, men om prosessen der barna opplever, erfarer og reflekterer og sjølv oppdager samanhengar og skaper teoriar om verden rundt seg.

I vår barnehage legg me vekt på at det skal vera ein naturleg progresjon mellom dei ulike avdelingane, men og at det vert tilrettelagt for progresjon i gruppa og individuelt. Det krever at personalet oppdager kva barna er opptatt av, legg til rette for meistring og passelege utfordringar, introduserer nye perspektiv og planlegg for progresjon for alle barn.

Barns medverknad

Alle barn i barnehagen, uavhengig av alder og utvikling, har lovfesta rett til å medverka til eigen kvardag i barnehagen. Medverknad kan tolkast på ulike måtar, og i Sekse barnehage tolkar me omgrepene i ein vid forstand der medverknad gir barn fysisk og psykisk rom til å uttykkje seg, og samhandla med andre. Me tek omsyn til kvart enkelt barn, samstundes som me tar omsyn til barnegruppa og fellesskapet.

Barn gir uttrykk for korleis dei har det og korleis dei oppfattar eigen situasjon gjennom kroppslege signal, ved hjelp av verbalspråket og gjennom andre uttrykksmåtar som teikning og leik. Personalet observerer og følgjer opp uttrykka til barna og bruker dei vidare spontant og i planlegging. Nokon av måtane å gjera det på er t.d. ved å bruka praksisforteljingar, bildedokumentasjonar og å vurdera saman med barna. Me har fokus på å skapa faste møteplassar der barna får uttrykka seg og gi sitt syn på innhaldet i barnehagen. Slike møteplassar kan t.d. vera samlingsstund, rundt fruktmåltidet og planlagde barnesamtalar.

Medbestemming er ein del av medverknad og handlar om å vera med å bestemma og å ta beslutningar. Barn har rett til å få muligheten til å ta beslutningar for seg sjølv, men samtidig er det viktig at me har med oss at barna heller ikkje skal få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Barna må ikkje stillast til ansvar for å ta avgjersler dei ikkje er klare for.





Vurdering

Vurdering er ein føresetnad for endring og utvikling av innhaldet i barnehagen. Ved å vurdera internt må me sjå på eigen praksis og reflektera rundt om praksisen samsvarar med måla våre. Vurderingane gjer me med utgangspunkt i tilbakemeldingar frå barn og føresette, observasjonar, Barnesamtalar og personalet sine refleksjonar. I Sekse barnehage vurderer me både forløpende på ulike møtearenaer i barnehagen, og halvårleg. Målet med vurderingane er å skapa ein god barnehage for enkeltbarnet.

Slik gjer me det:

- Gjennom heile året: evaluering av eigen praksis på bakgrunn av tilbakemeldingar frå barn, føresatte og andre som er tilknytt barnehagen
- September - ståstadanalyse innad i personalet i forbindelse med ekstern vurdering
- Oktober - foreldremøte der foreldra kjem med tilbakemeldingar til barnehagen på sterke sider og utviklingsområder - IGP arbeid
- Desember - foreldreundersøking der foreldre får gi sitt synspunkt på barnehagen
- Januar - barnehagen evaluerer praksis ut frå foreldreundersøking
- Februar - ekstern vurderingsveka
- April - foreldremøte med vurdering og refleksjon kring året som har gått - IGP arbeid
- Hausten 2024 og våren 2025 held me fram med utviklingsarbeidet i forhold til ekstern vurdering og vert rettleia av eksterne samarbeidspartnerar





Overgangar

Heim/barnehage

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære. Sjå meir informasjon om tilvenning under kapittel 3.2 Tilvenning

Internt i barnehagen

I Sekse barnehage har me to avdelingar, og i løpet av barnehagetida vil det skje ein overgang frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling. Overgangen til ny avdeling inneber mange endringar for barnet; nye vaksne, ny garderobeplass, nye rom, nye barn, større barnegruppe, nye rutinar m.m. Det er stor forskjell frå å vera eldst på småbarnsavdeling til å bli yngst på storbarnsavdeling. Det er viktig at personalet er bevisst denne overgangen og arbeider med tilvenning til ny avdeling. Dette inneber at avdelingane må samarbeida tett slik at personalet på småbarnsavdelinga kan arbeida for å førebu barna i god tid.

Slik gjer me det:

- Samarbeid mellom avdelingane gjennom heile året på morgen og ettermiddag, men òg ellers ved behov. Dette fører til at alle barn vert trygge på alle barn og vaksne i barnehagen
- Fast samarbeidsdag på våren der dei som skal over på stor avdeling til hausten er på besøk og gjer seg kjende med barn, vaksne og lokala.
- Tett samarbeid med foreldre gjennom til dømes foreldresamtalar og i dagleg kontakt
- Overgangssamtalar der informasjon om barnet vert formidla
- Roleg tilvenningsperiode i starten av nytt barnehageår, der fokus er å byggja gode relasjonar
- Småbarnsavdelinga lånar lokala til storbarnsavdelinga når den er ledig slik at barna kan utforske lokala innanfor trygge rammer

Frå barnehage til skule

Barnehagen skal i samarbeid med Opedal skule og føresette legga til rette for at barna får ein trygg og god overgang til skulen.

Siste året i barnehagen har forskulegruppa faste dag i veka med eige opplegg i forskuleklubben. I klubben får barna undra seg, vera nysgjerrige, leika, læra og ha det moro på veg til skulen. Barna får gjennom tett oppfyljing av vaksne leggja grunnlaget for å utvikla ferdigheter som er viktige både her og no og vidare i livet. Arbeid med sosial kompetanse, språk, sjølvregulering og matematikk er områder som er sentrale i klubben. I løpet av året vert det oppretta samarbeid med Veisane barnehage der det og går barn som skal begynna i 1. klasse på Opedal skule. Førskulegruppene besøker





kvarandre sine barnehagar og har ulike aktivitetar ilag slik at dei kan verta litt kjent før skulestart. Dette er med på å skapa ei byrjande klassekjensle for barna.

Slik gjer me det:

- Opprette førskuleklubb for førskulegruppa
- Innskriving på Opedal skule (barn og føresette)
- Opprette samarbeid med Veisane barnehage. Ein fast besøksdag gjennom året.
- På skule/SFO besök
- Overgangssamtale med skulen (må ha samtykke frå føresette)
- Avslutningstur til Mikkelparken





Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Foreldra sin medverknad

Foreldra kjenner barnet sitt best og er dei viktigaste omsorgspersonane for barna sine. Difor er dei òg ein viktig ressurs for barnehagen som me ønskjer å ha eit nært og godt samarbeid med. God kommunikasjon mellom personal og foreldre er ein føresetnad for godt samarbeid. Barnehagen ønskjer regelmessig kontakt og at samarbeidet skal bygga på gjensidig tillit og respekt.

Samarbeidsformer som skal sikra foreldra sin medverknad:

- Dagleg kontakt når barna kjem, og når barna vert henta i barnehagen
- Foreldremøte to gongar i året
- Foreldresamtalar, to gongar i året – og elles ved behov
- Oppstartsamtalar/møte med nye foreldre
- Samarbeidsutval og foreldreråd
- Årsplan, månadsplanar
- Bildekollasjar jamnleg
- Dokumentasjon
- Vera åpne for innspel, og ta dei på alvor
- Vera bevisste på foreldra sin rett til medverknad
- Sjå foreldra som ein ressurs
- Brukarundersøkingar
- Ulike arrangement som foreldrekaffi, påskefrukost og sommaravslutting
- Dugnadar

Planlegging og vurdering

"Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemد som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemد er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen." (KD 2017)





Barna får delta i planlegging og vurdering via daglege samtalar, barnesamtale og barnemøter. Foresette får delta i planlegging og vurdering på foreldremøte og foreldresamtalar og ellers innspel som kjem fram i dagleg kommunikasjon. Innspel vert tatt med i vidare planlegging. Planlegging vert gjort årleg (årsplan) og for ein månad/veke om gongen (månad/vekeplan), og er eit utgangspunkt for det pedagogiske arbeidet. For meir informasjon om vurdering sjå punkt 3.6.

Slik gjer me det:

- Foreldra får tilsendt månadsbrev ein gong i månaden med informasjon om tema/mål for komande periode
- Kvar fredag vert det sendt ut dagbok frå avdelinga med bilder og tekst frå den veka
- Revidering av årsplanen kvart år
- Gjennomgang av verdiar som Sekse Barnehage står for
- Arbeid med Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver, og anna rammeverk gjennom året
- Kontinuerleg evaluering av eigen praksis
- Oppstart av ekstern vurdering

Foreldremøter og foreldresamtalar

Det vert invitert til to foreldremøter kvart barnehageår. Her vil det vere ulike tema, informasjon, tilbakemeldingar osb. Me vil ha fokus på samarbeid mellom heim og barnehage, og korleis me på best mogleg måte kan tilrettelegge for at barna får gode og utviklande dagar her i barnehagen.

Det vil òg vere rom for at foreldra har Foreldreråd i forbindelse med foreldremøtet.

Foreldra får tilbud om foreldresamtale ein gong på hausten og ein gong på våren. Her vert det tatt opp tema som barnehagen eller heimen ynskjer å samtala om. Stort sett handlar det om einskildbornet sin trivsel og utvikling. Er det ynskje eller behov for det kan foreldra, eller barnehagen be om til fleire samtalar.

Foreldreundersøkinga

I november sender barnehagen ut foreldreundersøkinga via UDIR sin nettportal. I foreldreundersøkinga får føresette sei si meining om barnehagetilbodet. Det dreiar seg om barna sin trivsel og utvikling, informasjon, barnehagen sitt fysiske miljø og samarbeidet mellom heim og barnehage m.m. Undersøkinga har omlag 30 spørsmål. Resultata frå Foreldreundersøkinga vert brukt av barnehagen som ein hjelp til å vurdera og utvikla barnehagetilbodet.

Visma Flyt Barnehage

Sekse barnehage og SFO nyttar Visma Flyt Barnehage-appen som teneste kor du som foresatt enkelt kan kommunisera med barnehagen, samt enkelt følge med på ditt barns kvardag i barnehagen. Det er





ynskjeleg at foreldre/føresette laster ned denne slik at informasjon og daglege beskjedar kjem fram. Det presiserast at appen ikkje skal overta den daglege dialogen kring barnet sin utvikling.

Med Min Barnehage-appen kan du enkelt:

- Motta og sende meldinger med barnehagen
- Registrera feriar og anna fråvær
- Motta dagbok og anna informasjon som fortel om barnets små og store opplevingar i barnehagen
- Gi eller avslå samtykker





Årshjul Sekse barnehage 2024/2025

